



Delegasjonen frå Tysnesfest ombord på fiskeskøyta MOR DI 2. F.v: Yngve Vevatne, Ida Kleppe, Helge Flornes, Haakon Haaland, ordfører Kåre Martin Kleppe, Synnøve Vines, Malin Kongsvik. Sigvald Madsen var ikkje med då bilete vart teke.

**Det var faktisk ein delegasjon frå Tysnesfest som kom i fiskeskøyta MOR DI 2 på Festidalen. Med i reisefylgje var styremedlemer og andre sentrale personar i arrangementet. Mellom dei var Noregs yngste ordfører, Kåre Martin Kleppe. Kleppe har vore aktiv i arbeidet med å utvikla Tysnesfest til ein av dei største festivalane på Vestlandet.**

Delegasjonen frå Tysnesfest er ein del av eit større samarbeid Festidalen har i bransjen. Avtalen legg opp til samarbeid og erfaringsutveksling på ulike område. Nøkkelpersonar har høve til delta på dei største på mest markerte festivalane som til dømes Malakoff og Vinjerock .

Sigvald Madsen, festivalsjef på Tysnesfest, var skipper på fartyet MOR DI 2. Ordføreren, Kåre Martin Kleppe, var på festivalområde fredagskvelden, før avreise laurdag midt på dagen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal